



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 14

Telefaks 53 43 70 11



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900

5020 BERGEN

UGGDAL, 05.11.2015

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
15/688	7187/15	500	FSK/RAD/STDAL	2014/11042

REGIONAL KYSTSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG YTRE HARDANGER - HØYRING

Frå møte i formannskapet 28.10.15, saknr. 80/15.

Me viser til utsett høyringsfrist, og orienter om at det er gjort følgjande vedtak:

«Tysnes kommune meiner at utkast til Regional Kystsonoplan bør forkastast slik den ligg føre.

Me vil i den samanheng først og fremst peika på følgjande tilhøve:


- Plangrensene i planframlegget må justerast opp mot den tilstøytande interkommunale strandsoneplanen.
- I framlegget overser fylkeskommunen gjeldande kommuneplan og viser til at denne må tilpassast Kystsonoplanen ved neste rullering.
- I framlegg til Kystsonoplan er ikkje tilhøve til dei gjeldande arealbruksføremlå avsett i kommuneplanen teke opp, kartfesta og analysert. Dei er berre ignorert.
- Framlegg til Kystsonoplan set avgrensingar for akvakultur som ikkje synes å vera fagleg grunngeve.
- Framlegg til Kystsonoplan synes å vera ein verneplan utan evne til å sjå på utvikling av akvakultur i eit perspektiv der dette er ei viktig næring som også har utvikling som kan opna opp for nye tilnærmingar frametter.
- Framlegg til utviding av eksisterande akvakulturområde ved Vernøya og Ånuglo grip direkte inn i regionale viktige friluftsområde og bør/må ikkje utvidast. Dette vil vel etter vårt syn også vera i strid med regionale og nasjonale føringar,

Områda rundt Vernøya og Ånuglo er avsett til NF-område i sjø (Natur- og friluftsområde i sjø) i gjeldande kommuneplan og må vidareførast.

- Andre område i kommuneplan som er avsett til akvakultur, eller føremål i kombinasjon med akvakultur må vidareførast.
- Framlegg til retningsliner må skrivast om slik at ein unngår bruk av skal/må i ein plan som ikkje er juridisk bindande.

Tysnes kommune meiner at planen ikkje vil tena som noko anna enn eit grunnlag for fylkeskommunale motsegner på eit svakt fagleg grunnlag. Planen har ingen strategisk tilnærming som opnar for ny innsikt i kommunen si vurdering av kystsona. Planen har heller ikkje eit kunnskapsgrunnlag som gjer at den vil vera nyttig for kommunen si vidare planlegging av kystsonen. Planen vil såleis føra til uturvande byråkratisering av framtidige planprosessar mellom Hordaland Fylkeskommune og Tysnes kommune.»

Med helsing
Tysnes kommune



Steinar Dalland
rådmann